

## Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FE - 400	14/938

Saknr	Utval	Type	Dato
020/2014	Administrasjonsutvalet	PS	20.10.2014
086/2014	Formannskapet	PS	20.10.2014

### Framlegg til lønspolitisk plan 2014 - 2016

#### Vedlegg:

Lønspolitisk plan til politisk handsaming 2014 - 2016

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

**Lønspolitisk plan for Masfjorden kommune 2014 – 2016 vert vedteken slik den ligg føre**

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn og fakta:

Denne lønspolitiske planen for 2014 – 2016 er ein revisjon av tidlegare planar. Den er eit resultat av drøftingsmøte med dei hovudtillitsvalde og leiarane i kommunen over mange år.

Dokumentet følgjer avtaleverket som er forhandla fram mellom partane i arbeidslivet og **Hovudavtalen (HA)** og **Hovudtariffavtalen (HTA)** dannar grunnlag for lønspolitisk plan for Masfjorden kommune. Arbeidet med lønspolitisk plan er heimla i HTA kap 3.2 (utdrag):

*”Hovedtariffavtalens lønssystem forutsetter at det utarbeides en lokal lønnspolitikk*

*som må gjøres kjent for alle ansatte, slik at det skapes forutsigbarhet og*

*mulighet for den ansatte til å innrette seg i henhold til lønnspolitikken. Arbeidsgiver*

*tar initiativ til regelmessig revidering av den lokale lønnspolitikken, for å*

*sikre at det er sammenheng med kommunens/fylkeskommunens/virksomhetens*

*mål.*

*Det forutsettes at lønn benyttes som et personalpolitisk virkemiddel. Lønnspolitikken*

*skal bl.a. bidra til å*

— *Motivere til kompetanseutvikling*

— *Motivere til mer heltid*

— *Beholde, utvikle og rekruttere*

— *Sikre kvalitativt gode tjenester.”*

Denne reviderte lønspolitiske planen vidarefører i store trekk den tidlegare planen for perioden 2012 – 2014. Etter høyringsrunde og drøftingsmøte er nokre punkt endra og forsterka. Det er teke med i planen at det skal startast opp to prosessar våren 2015 som gjeld lønspolitikk. Desse er:

- Drøftingar knytt til arbeidstidsreglane for leiarar, som i dag er inn under arbeidsmiljølova sine ordinære reglar, med sikte på å få dei inn under arbeidsmiljølova sin § 10-12 (fast kompensasjon i form av fridagar for arbeid utover normal arbeidstid)
- Avklaringar knytt til det nye sentrale lønssystemet som vert gjeldande frå 1.5.2015. Drøfte om det medfører endringar i denne planen eller på andre måtar i høve lokal lønspolitikk.

Det er og kome inn i kap. 4.2 om lokale forhandlingar eit par nye punkt under kriterium 5 (**Yte kommunale tenester av beste kvalitet ved å**)

- Evne til å dele på kompetansen sin til andre
- Mot til å gje og ta konstruktiv kritikk for å læra og utvikla tenestene

I tillegg er det teke inn for leiarar eit nytt punkt under same kriterium:

- Evne til å myndiggjera, nytta og utvikla kompetansen hjå medarbeidarar

Vidare er det spesifisert i kapittel 7.1 at dei fristar som gjeld for dei ulike lønskapitler skal følgjast, jf. riksmeklingsmannen si møtebok

### **Vurdering**

Den nye lønspolitiske planen for perioden 2014 – 16 fangar i svært stor grad tidlgare mål og føringar som er gjeve for lønsdnninga i Masfjorden kommune tidlegare. Endringane som er gjort er etter administrasjonen si vurdering moment som i stor grad har vore inne tidlegare, men som no vert tydeleggjort ved at dei vert teke med i planen. Drøftingane med dei hovudtillitsvalde viser at det i

stor grad er konsensus i den lokale lønspolitikken i Masfjorden kommune, og at utfordringane først og fremst handlar om praktisering av regelverket, meir enn om sjølv innhaldet. Dei drøftingane som gjeld arbeidstidsreglane for leiarane har lenge vore tema, men det har ikkje vore kapasitet til å gå grundig inn i denne problematikken. Rådmannen ønskjer at dette no vert drøfta i ein grundig prosess våren 2015, med sikte på å få klare og langsiktige rammer for leiarane på dette området.

Det punktet som gjeld avklaringar i høve det sentrale nye lønssystemet som vert gjort gjeldande frå 1/5 2015, vil først og fremst handla om ein felles kunnskapsløft, der både arbeidstakarorganisasjonane i kommunen og arbeidsgjevar gjer ein jobb i lag. Nærmare organisering av dette arbeidet vil verta avklart i drøftingar med dei hovudtillitsvalde.

#### **Uttale**

Planen har vore drøfta i eige møte med dei hovudtillitsvalde den 2. oktober 2014. Formannskapet vart den 09.09.2014 også orientert om arbeidet med å revidera den lønspolitiske planen.

#### **Konklusjon**

Rådmannen rår til at framlegg til ny lønspolitisk plan for perioden 2014 – 2016 vert vedteken.

### **Administrasjonsutvalet - 020/2014**

#### **AU - behandling:**

Ordførar Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Saka vart drøfta.

#### **Røysting:**

Framlegget frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

#### **AU - vedtak:**

**Lønspolitisk plan for Masfjorden kommune 2014 – 2016 vert vedteken slik den ligg føre**

### **Formannskapet - 086/2014**

#### **FS - behandling:**

Ordførar Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Saka vart drøfta.

#### **Røysting:**

Framlegg frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

**FS - vedtak:**

**Lønspolitisk plan for Masfjorden kommune 2014 – 2016 vert vedteken slik den ligg føre**